



Uskedalselva ved brua ved 11-tida i føremiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dei store nedbørmengdene dei siste timane i kombinasjon med bortimot 10 varmegrader og nysmøsmelting oppe i fjellet har gjort Ukesdalselva fluamdiger i dag (torsdag).

- Eg har ikkje sett ho så stor nede ved brua i Uskedalen sidan flommen hausten 2005, seier ein eldre uskedaling i føremiddag. Då var vatnet i ferd med å komma inn på jordene både her og der i nedre del av dalen og i tillegg var det laga ekstra-elvar nedover jordene og over vegen mellom anna på Kjærlandsido. Det er ingen målestasjon for nedbør i bygda, og ved den næraste offisielle målestasjonen i Indre Matre (SKL) har det 'berre' kome 36 millimeter det siste døgnet, opplyser vakhavande.



Vatnet kjem inn på jordet ved Feet.
(Foto: Ola Matti Mathisen)

Men i Uskedalen er vassmengdene svært store.

- Eg har vore ein liten tur på Husnes. Og berre medan eg var borte har vassstanden i og utafor elva auka mykje, sa ein annan. Held det fram slik, kan det bli skadeflaum, la han til.

Men heldigvis går varslet ut på at veret skal roa seg utover ettermiddagen.

Av Ola Matti Mathisen



Ny elv på Kjærlandsido. (Foto: Ola Matti Mathisen)